

VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I DOVRE KOMMUNE

Jfr. lov av 7. juni 1996 om gravplasser, kremasjon og gravferd (Gravferdsloven) § 21. Vedtatt av Dovre kyrkjelege råd 5. desember 2013 og godkjent av Hamar bispedømmeråd 11.12.2013.

§ 1. Gravplasztilknytning

Avdøde personer som var busett i kommuna kan gravleggast på kva som helst av gravplassane i kommuna. Dette gjeld også om den avdøde på grunn av sjukdom eller alderdom budde i ei anna kommune mot slutten av livet. Avdøde personar frå andre kommuner kan gravleggast ved at kostnadene ved gravferda og avgift som ved feste av grav vert betalte.

§ 2. Fredningstid og festetid

Fredningstida for ei grav er 20 år. På felt E på Dovre kyrkjegard er den 30 år. Festetida er 5 år.

§3. Feste av grav

Når kistegrav vert teke i bruk er det høve til å feste ei grav ved sidan av. I særskilte høve kan kyrkjeleg fellesråd godkjenne feste av inntil 4 graver ved sidan av. Desse gravene utgjer da ein gravstad.

Når festetida er ute skal fester gjevast høve til å fornye festet for dei neste 5 åra ved å betale tilsendt krav på festeavgift. Dersom festet ikkje vert fornya innan seks månader etter forfall, går gravstaden attende til kyrkjegarden. Når det er gått 60 år sidan siste gravlegging kan ikkje festet fornyast utan særskilt samtykke frå kyrkjeleg fellesråd. Festar pliktar å melde frå om endring av adresse.

§ 4. Grav og gravminner

Ved åpning av grav kan jord leggst på omkringliggende graver og gravutstyr midlertidig flyttast. Kyrkjeleg fellesråd sørger for istandsetting att; planere og så til grava.

Gravminnet og montering av dette skal godkjennast av kyrkjeleg fellesråd. Montering av gravminne kan fyrst skje etter at kyrkjeleg fellesråd har visst plass og kontrollert gravminnet og tidlegast 6 månader etter gravlegging av kiste. I påvente av gravminne, ordner kyrkjeleg fellesråd med eit merke med den avdøde sitt navn. På ny gravstad vert gravminnet plassert på den grava som er teke i bruk og kan sentrerast på gravstaden seinare.

Gravminnet skal være solid og tåle vær- og vind, vanleg vedlikehald og drift på kyrkjegarden. Det vert stilt samme krav til dekor, pyntegjenstander og tilbehør. Det er ikkje høve til å bruke gravminner med utanpåliggjande ornamentar, lykter og figurer. Dersom slikt likevel vert brukt, er kyrkjelege fellesråd utan ansvar for moglege skader.

§ 5. Plantefelt

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Dette kan ikkje være breiare enn gravminnet og kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm målt frå gravminnets bakkant. Det kan ikkje nyttast vekster som er høgare enn gravminnet eller som går utover plantefeltet.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med delt steinkant som fluktar med terrenget omkring. Innrammingen må passe saman med gravminnet på gravstaden og kyrkjegardens utsmykning og utsjånad.

§ 6. Stell av grav

Ansvarleg for frigrav eller gravfestar har rett og plikt til å stelle grav som vedkommande har ansvar for. Det er høve å pynte med krans, lykt og buketter m.m., men slike lause gjenstander skal takast bort etter bruk. Kyrkjeleg fellesråd er ikkje ansvarleg for moglege skader på dekorgjenstander som er plassert i plantefelt.

Planter, kranser og liknande materiale som vert brukt ved gravferd eller ved pynting av grav og som ender som avfall, skal være komposterbart.

Dersom plantefeltet ikkje vert vedlikehalde over eit år, vert det sådd til av kyrkjeleg fellesråd.

§ 7. Gravstellavtale

Festar kan inngå avtale om at kyrkjeleg fellesråd tek over planting og stell av gravstaden. I kvart einskild høve vert det oppretta ein avtale om avtaletid, betalingsform og kva stellet skal omfatte.

Kyrkjeleg fellesråd forvaltar gravfonda og fører rekneskap over kvart fond som vert revidert årleg av godkjent revisor. Det er høve til å rekne administrasjons- og revisjonsomkostninger av fondsmidlene.

Stellavtala gjeld for ei oppgjeve periode og så lenge det er att midlar. Avtale om stell kan forlengast for same periode som gravfestet vert forlenga. Skulle det vere att midler når grava vert sletta, vert midlane overført til kyrkjegardsfondet.

§ 8. Bårerom

Kyrkjeleg fellesråd sine bårerom kan berre brukast til å oppbevare døde i tida fram til gravferda. Ingen har adgang utan etter løyve. Liksyning kan berre finne stad etter samtykke frå den som sørger for gravferda og er dei tilsette uvedkommande.

§ 9. Næringsverksemd

Næringsdrivande som ynskjer å drive verksemd på gravplassen skal innhente løyve frå kyrkjeleg fellesråd. Løyvet kan trekkast attende dersom vedkommande ikkje rettar seg etter dei reglene som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminner og planting og stell av graver. Arbeidet skal skje i dagsljós.

Dei tilsette kan ikkje mot godtgjering utføre tenester og salg for private eller næringsdrivande. Slike tenester skal være avtalt mellom den som ynskjer tenesta og kyrkjeleg fellesråd og vert fakturert slik kyrkjelege fellesråd vedtek.

§ 10. Bevaring av gravminne

Kyrkjeleg fellesråd vedtek plan for bevaring av gravminne ut frå kriterie som at gravminnet har ein viss alder, representerer ein stilhistorie, har eit lokalt særpreg i form eller materialbruk, gjev uttrykk for ein interessant personalhistorikk eller er unikt.

Kyrkjelege fellesråd inngår skriftleg avtale med festar om bevaring av slike gravminne. Avtala skal innehalde vilkår om vidare bruk av gravstaden, endring av gravminne, krav om festeavgift og at gravutstyret vert overtatt av gravplassen når festeavtala opphøyrer. Ved eigarskifte må det gjerast ny avtale.

Dersom grav med verneverdig gravminne ikkje har festar/eigar, overtek gravplassen ansvaret for stell og vedlikehald av gravminnet. Det blir vurdert om gravminnet skal flyttast til gravminnestativ eller bli ståande på sin opprinneleg plass og i så fall blir ikkje grava nytta til ny gravlegging.